

## **Forvaltningsplan - Jotunheimen NP og Utladalen LV - etter høyring 2007 - samandrag av fråsegner med fylkesmennene sine tilrådingar (juli 2008)**

### **Generelt:**

#### DNT Oslo og omegn:

Påpeker generelt viktig at friluftsliv ikkje blir problematisert sidan friluftsliv er ein del av verneformålet (DNT Oslo og omegn)

#### Ope møte i Årdal 28.11.2007

Årdal-Tyin (m.a. Tyinkrysset) + Fodnes. I tillegg fokus på *skilting* ved avkøyring frå hovudvegane og i sentrumsområda i Øvre Årdal og på Årdalstangen. Koplinga mellom Nasjonalparkriket i Oppland, Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og vestdelen av Jotunheimen nasjonalpark er interessant, t.d. for Nasjonalparkfestivalen.

Det er behov for *meir midlar til personell og tiltak* (forvaltningsmidlar). M.a. vart det vist til at det bør kome andre midlar i tillegg til SMIL-midlar i Utladalen, dvs. over forvaltningsbudsjettet. Semje om at det beste ville vore å få opp att jordbruksdrift i Utladalen. Ein person/stilling i Utladalen Naturhus er viktig.

Det er mykje større bevisstheit om LVO og NPen no enn før. *Utladalen er viktig for folkehelsa* – med mange lokale brukarar. Få tettstader har verneområde som er attraktivt å nytte, så nær seg. Det er registrert en 10-dobling av ferdsla i Utladalen frå Vettisvegen vart bygd, frå 3000 til 30 000/år.

Drøfting om det er aktuelt å *utvide verneområda*, t.d. til å omfatte område ved Tindevegen. Dette er ikkje aktuelt for Fylkesmannen å gå nærare inn i no. Det er heller ikkje sikkert at Årdal kommune ønskjer dette. Kommunen er nok meir oppteken av at det kjem på plass tilstrekkeleg informasjon, P-plassar, carwalks m.v.

Det er aktuelt for Årdal kommune å søkje status som *nasjonalparkkommune*. Kommunen vil truleg etterkvart profilere seg meir i høve til nasjonalparken/landskapsvernområdet når ureininga frå industrien tek slutt. Reduksjonen i utsleppa frå industrien kunne også vore utnytta meir aktivt i høve til verneområda ved å kombinere natur, kultur og industri på ein ny måte.

Årdal ønskjer ei *turrute frå Jotunheimen til fjorden* (Indre Offerdal).

*Nasjonalparkfestivalen* vart drøfta. Det er aktuelt å sjå på nye finansieringskjelder for å løfte arrangementet.

#### Ope møte i Luster 20.12.2007

Spørsmål om FM kan *hindre inngrep som skjer rett utanfor* verneområda. Vart vist døme på ei sak om forlenging av vegen inn mot Fanaråkbreen (er no til handsaming i kommunen og Statskog). Området har alt store inngrep i form av kraftutbygging og veginngrep. Spørsmål om *informasjonspunkt/-senter*: Fellesløysing for Jotunheimen og Breheimen-Mørkriddalen i Skjolden?

Oppland fylkeskommune

Fylkeskommunen meiner planen gir fornuftige rammer for bruk av nasjonalparken.

Noregs naturvernforbund

Støtter i hovudsak dei grep som blir gjort i verneforskrifta og forvaltningsplanen for å sikre verneverdiane i nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå

Generelt er dei fleste forslag til endringar i tråd med dei signala som tilsynsutvalet tidlegare har gjeve, m.a. når det gjeld spørsmål om endringar og tilpassingar i vernereglane, systemet med soneinndeling og at området sør for Gjende bør forvaltast strengt i forhold til m.a. ferdsel og tilrettelegging, og generelt strenge reglar for motorferdsel i verneområda.

Glitterheim turisthytte:

Slik framlegget til forvaltningsplanen er utforma og korleis oppsynsteneste blir gjennomført, er ein godt nøgd med rammene for å drive reiselivsbedrift i Jotunheimen.

Jotunheimen reiseliv

Ein meiner framlegget til forvaltningsplan er til beste for naturverdiane og legg samstundes til rette for godt samarbeid mellom reiselivsverksemdene og forvaltninga.

**Namn:**Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Luster

Skagastølstindane: Vi presiserer at namnet frå gamalt av er **Skardstølstindane** og **Skardstølen** og vert i stor grad brukt også i dag.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Generelt er inntrykket at forvaltningsplanen blir godt teke imot av høyringsinstansane.*

**Kap. 1****Kap. 2 Innleing**Noregs fjellstyresamband

Forvaltningsplanen bør reviderast oftare enn kvart 10-ande år.

Fylkesmannen sine kommentarar:

*10 år er eit utgangspunkt, men endringar kan gjere revisjon aktuelt tidlegare (nytt framlegg kom no 7 år etter godkjenning i 1998), evt. seinare dersom det ikkje er naudsynt.*

**Kap. 3 Naturfagleg og historisk bakgrunn**DNT Oslo & omegn:

s. 19 under delen som omhandlar "Friluftsliv og turisme" ønskjer ein ei organisatorisk presisering på forskjellen mellom DNT og DNT Oslo og Omegn. Foreslår følgjande forklaring om avslutning på det andre avsnittet:

*Det er i dag DNT Oslo og Omegn, den største lokalforeningen i DNT, som driver turisthytter aktivitet og har ansvaret for rutenettet i Jotunheimen. I forvaltningsplanen vil DNT være synonymt med lokalforeningen DNT Oslo og Omegn.*

Vormelis Venner v/ Per Gran:

s. 19 og 20: Merknader til fakta

DNT Oslo og omegn:

s. 24 er "Det tradisjonelle norske enkle friluftslivet" er definert: DNT meiner at dette ikkje må bli for snevert, men også kan gi rom for gode "nye" friluftaktivitetar som ikkje er i konflikt med natur og miljø. En definisjon av nye aktivitetar bør vere konsekvensorientert. Det vil seie at det er effekten av aktivitetane og ikkje aktivitetane i seg sjølv som bør vere retningsgivande for styringa av dei i nasjonalparken. Forslag til omskriving:

Sogn og Fjordane bondelag

Dersom det er aktuelt å sette inn forvaltningstiltak for å forbetre det biologiske grunnlaget, eller ved forvaltning av vilt og fisk, vil bønder, grunneigarar og deira organisasjonar, grunneigarlag, bondelag og skogeigarlag, vere naturlege samarbeidspartar og vil kunne ta på seg oppgåver med slik forvaltning.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*DNT sine framlegg til formuleringar er stort sett teke inn for å få fram skilnaden mellom landsorganisasjonen og DNT Oslo og omegn. Ein omtale av tilhøvet til nyare friluftslivaktivitetar vil bli teke inn. Faktaopplysningane frå Vormelis Venner er stort sett tekne inn.*

**Kap. 4 Mål, utfordringar, problemskildring og strategiar**

**4.3.**

DNT Landsorganisasjonen:

DNT hevdar at føremålet med oppretting av nasjonalparker etter naturvernlova er både å ivareta naturverdiar og ta vare på området for friluftsliv. Denne tosidige målsettinga bør kome sterkare fram i forskrifta og forvaltningsplanen. Gjer framlegg om følgjande formulering:  
*Tilretteleggingen er positiv og viktig for friluftslivet. En må likevel sørge for at tilrettelegginga er helhetlig og i tråd med det enkle friluftslivet. Et er videre viktig med en differensiert tilrettelegging i nasjonalparken for å møte ulike brukergruppers behov og ønsker om tilrettelegging.*

DNT stiller seg tvilande til at sterk tilrettelegging for friluftsliv kan oppfattast som eit uromoment. Tilrettelegging for friluftsliv bør gjennomgåande beskrives meir positivt i planen. En foreslår en omskriving av visse avsnitt. Ein meiner nye friluftformer som ikkje fører med seg motorisert ferdsel, bør støttast framfor å avgrensast. Ei aktiv informasjonsstrategi vil her spele ei viktig rolle.

**Kap. 4.4 – strategiar s. 24**

DNT Landsorganisasjonen:

Ulike friluftformer svingar i popularitet frå år til år, og DNT saknar dokumentasjon på påstandar som "at det er en aukande trend av nye friluftformer". Nye friluftformer er snarare gamle aktivitetar i ny "drakt", og for DNT er all ikkje-motorisert aktivitet ute positiv så lenge det tas omsyn til naturen. Alle former for friluftsliv som stimulerer folk til fysisk aktivitet bør i større grad støttes.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene viser til at hovudformålet er vern etter naturvernlova, eit tiltak som også kjem friluftslivet til gode, noko som vert attspegla i verneforskrifta. Friluftsliv er viktig for at folk skal*

*oppleve naturen og bli glad i den. Tilrettelegging for friluftsliv har mange positive sider, men må ta omsyn til naturmiljøet og andre brukarinteresser. Nye friluftstyper er i utgangspunktet positivt, men ferdsel som legg beslag på mykje areal og rom/luft og/eller skjer i stor fart vil kunne kome i konflikt både med naturmiljøet og kanskje særleg dyreliv, og i konflikt med vanleg friluftsliv som har liten fart, som t.d vandring og skiturar. Jotunheimen er eit høgintensivt område for tradisjonelt friluftsliv med fotturar og skiturar, og ved konflikt mellom det og nyare friluftstyper, vil det tradisjonelle bli prioritert..*

## **Kap. 5 Særlege problemstillingar**

### Noregs fjellstyresamband

NFS meiner forvaltningsplanen ikkje bør leggje føringar for arealbruken utanfor vernegrensene. Forvaltningsplanen bør reviderast oftare enn kvart 10-ande år.

### Noregs naturvernforbund

Naturvernforbundet i Oppland, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norges Naturvernforbund vil gje støtte til dei vurderingar som er gjort i planen m.o.t. verneverdiar i tilgrensande område til verneområda og ber om utgreiing av vern av følgjande område som nemnt i forslaget til forvaltningsplan:

- Valdresflya vest og Øvre Leirungsdalen
- Nord for Bygdin
- Sjødalen vest
- Smådalen, Lauvhø og Kvitingskjølen
- Juvflya - Visdalen
- Storgjuvbreen – Leirdalen
- Nord for Smørstabbtindane med Loftet
- Fantestein
- Vest for Steindalsnosi ned mot Sognefjellsvegen
- Kring Berdalsfjellet nordvest for Soleiebotntindane

### Sameiger ved Tyin og Bygdin i Vang

I samband med revisjon av forvaltningsplanen, krev ein at revideringa berre skal omhandle Jotunheimen nasjonalpark og at dei tilgrensande områder ikkje blir nemnt og omhandla i planen. Dei tilgrensande områda er og skal i framtida vere underlagt plan- og bygningslova i Vang kommune.

### Lom kommune

Kommunen er kritisk til at forvaltningsplanen legg føringar for bruken av områda utanfor vernegrensene. Ein viser til fjellteksten som oppmodar kommunane til å nytte det handlingsrommet plan- og bygningslova gjev for bruk av tilgrensande areal til økt turist- og næringslivsmessig bruk.

### Vang fjellstyre/tilsynsutvalet i Vang

Ein bør tone ned dei formuleringane som går på arealbruken utafor vernegrensane. Dette er kommunens ansvar etter plan og bygningslova.

### Nybu sameige

Når det gjeld bruk av område mellom Bygdin og nasjonalparkgrensa, har ikkje sameige nokon planar om inngrep her, men ønskje å utvide/vedlikehalde eksisterande jakt- og fiskebu.

### Lom fjellstyre

Fjellstyret meiner at forvaltningsplanen ikkje bør leggje føringar for fjellstyra og kommunane si arealforvaltning utafor verneområda.

### Ope møte i Lom

Ransonene av nasjonalparkane bør i sterkare grad utnyttast til næring. Det er da frustrerande at Fylkesmannen stopper slike planer ved bruk av motsegn. Som eit eksempel nemnas reguleringsplanen for Juvasshytta. Ein meiner forvaltningspraksisen i forhold til byggetiltak i verneområde er svært streng, nokre stiller spørsmål om det er rom for noe utvikling i det hele tatt.

### Ope møte i Vang

Til dei delane av forvaltningsplanen som går på areal som grensar til nasjonalparken; ein meiner forvaltningsplanen legg for store føringar og avgrensingar på arealbruken på disse områda. For Vang sin del gjeld dette området nord for Bygdin. Ein hevder det er stor motstand mot ein eventuell utviding av nasjonalparkvernet. Det er sterke grunneigarinteresser i området.

I frå grunneigarane/fjellstyret er det ønskje om å byggje enkle fiskebuer for utleige på nordsida av Bygdin. De er stort sett tenkt plassert på gamle tufter, i nærleiken av eksisterande buer, samt gjennom restaurering av buer som i dag er i forfall. Dette vil bli som ein del av rullering av kommuneplanen. Det vil aldri bli aktuelt med noen tung hytteutbygging i dette området, men ein oppmodar regionale myndigheiter kan sjå med velvilje på etablering av enkle naust/fiskebuer langs Bygdin.

### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene vil presisere i planen at i tilgrensande område er det PBL som gjeld, og at kommunane er styresmakt, med dei vanlege statlege føringane. Dette vil bli teke inn i forvaltningsplanen. Etter plan- og bygningslova kan fylkesmennene fremje motsegn mot tiltak som er i strid med nasjonale naturverninteresser.*

*Utviding av nasjonalparken er ikkje aktuelt no, her er berre peika på området som bør vurderast i framtida for å ta vare på naturverdiane i Jotunheimenområdet. Fylkesmennene ser det som naturleg at ein gjennom revisjonsarbeidet har ein vurdering av korleis grensedraginga i dag fungerer får å ta vare på naturtypene i Jotunheimenområdet.*

## **Kap. 6 Soneinndeling**

### Sogn og Fjordane bondelag

Når det gjeld vurderingskriteria for soneinndeling, fremjar bondelaget eit tilleggspunkt:

- Grunnlaget for næringsutvikling knytt til landbruksturisme.

### Vormelis Venner v/ Per Gran:

Samd i at stien til Vormeli ikkje skal merkast og at Vormeli skal vere ein bortgøymd perle (6.3.2. s. 64).

### Norsk ornitologisk foreining

Ein støttar utviding av vernesone I slik at Knutshø er med her. Stigen over Knutshø må ikkje merkast ut over det den er i dag. Informasjon om ruta bør avgrensast. Dersom ferdsla i området går ut over verneverdiane, må andre strengare tiltak vurderast. Forvaltningsmynda kan ikkje tillate at nokon driv aktiv marknadsføring av ruta over Knutshø.

Vågå kommune

Ein går i mot at vernesone I omfattar heile Knutshø. Ein meiner det ikkje er formålsteneleg å legge ut eit så reiselivsmessig spektakulært og attraktivt område ut som område med forbod mot merking. Ein viser til nasjonal Turistveg Valdresflya og satsinga der.

Ope møte i Vågå 28. november

Ein er kritisk til at Beitostølen og reiselivet der kan drive intens marknadsføring av ruta over Knutshøe, mens det ikkje er opna for merking av ruta.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Naturbasert turisme vil vere mogleg i brukssone og delvis i vernesonene, innafor dei rammene som elles gjeld m.o.t. ferdsel vs naturmiljø (td villrein i Hurrungane og Utladalen), oppføring av nybygg og motorferdsel. Fylkesmennene ønskjer å halde på framlegget i forvaltningsplanen når det gjeld utviding av vernesona for Knutshø. Det er registrert sårbare artar i området som også er raudlista og svært sårbare for ferdsel i delar av året. Problemstillinga i høve til merking og tilrettelegging av sti over Knutshø er endeleg avgjort gjennom klagesak i Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmannen i Oppland vil ta opp marknadsføringa av Knutshøområdet med reiselivsdestinasjonen Beitostølen.*

**Kap. 7 Informasjon, kulturminne, kulturlandskap og naturverdiar****7.1. Informasjon**DNT Landsorganisasjonen

DNT meiner det er svært viktig med relevant informasjon til dei ulike brukargruppene i Jotunheimen. Informasjonskanaler vil vere internett, turistkontor, ved innfallsporter og på turisthyttene. DNT tilrår generelt aktivt informasjons- og haldningsarbeid framfor forbod og ferdselsrestriksjonar.

Ope møte i Årdal 28.11.2008:

Nasjonalparkfestivalen bør få tilskot.

Norges fjellstyresamband

NFS mener fjellstyra må bli synleggjort i planen i høve til de informasjonsoppgåvene dei har hatt og at dei aktivt blir take med på å utarbeide ein informasjonstrategi for verneområda. Det er gjennomgåande uheldig at NFS ikkje er representert i forvaltningsplanen på same nivå som Statens naturoppsyn.

Bessheim turisme

Informasjon om verneområdet bør vidareutviklast på fleire språk.

Nybu sameie

Positivt med informasjonstavle på Torfinnsbu.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene vurderer informasjonsformidling som svært viktig, og ønskjer primært dette framfor forbod og (ferdsels-)restriksjonar. Dette er teke inn i planen. Nasjonalparkperm utarbeidd av Norsk Fjellmuseum må har fungert godt og må nemnast i planen. At fjellstyra også er med i informasjonsarbeidet vil gå fram av planen. Norsk og engelsk er dei viktigaste språka, med tysk som det viktigaste. Behovet for andre språk må vurderast etter kvart, i samarbeid med turistkontora og turistbedriftene. Informasjon som går på tryggleik i høve til brevandring og liknande kan ein vurdere å ha på fleire språk.*

### **7.1.2. Nasjonalparksentra**

#### Tilsynsutvalet i Luster:

Ønskjer informasjonssenter på Skjolden.

#### Informasjonssenteret ”Der fjord møter Fjell” (Skjolden i Luster):

Det er behov for informasjonssenter på Skjolden. Ein viser til både Jotunheimen NP og verneplan for Breheimen – Mørkridsdalen, jf. og andre attraksjonar i området som Urnes stavkyrkje, at 300 000 personar passerer Sognefjellet kvart år og oppbygginga av cruisehamn i Skjolden.

#### Ope møte i Luster 20.12.2008:

Innspel frå møtet om at det bør etablerast eit *informasjonssenter i Luster* som dekkjer både Jotunheimen og det framtidige verneområdet i Breheimen-Mørkridsdalen. Dei som gjer fråsegn bør bruke dette høvet til å flagge informasjonssenter på Skjolden. Vart vist til vedtak i tilsynsutvalet om dette temaet; meir konkret: Informasjonssenter lokalisert til Skjolden. *Innfallsportane* er viktige. Koplinga fjord-fjell må bli vektlagt. Skjolden er på ein unik måte møteplass mellom fjord og fjell. Spørsmål om kostnadane ved tiltak ved innfallsportane.

#### Luster kommune

Det må takast inn som eit mål å få til ei avdeling for eit informasjonssenter for Jotunheimen NP og Utladalen Lvo i Luster kommune, lokalisert til Skjolden.

#### Årdal kommune

Kommunen er oppteken av at det regionale og nasjonale arbeidet med styrking av verneområda medverkar konkret til at Utladalen Naturhus får høve til vidare oppbygging, status, ansvar og oppgåver i forvaltnings - og tiltaksarbeidet. Utladalen Naturhus må få tilført tilstrekkelege statlege midlar slik at dei får kontinuitet og pårekelege rammevilkår og framleis kan utføre og vidareutvikle dei viktige arbeidsoppgåvene og samtidig vere nettverksbyggjar for vidare lokal næringsutvikling i verneområda. Årdal kommune ber fylkesmann, direktorat og departement arbeide aktivt for at det vert stilt naudsynnte statlege midlar til disposisjon for å oppretthalde og styrke nasjonalparksenteret Utladalen Naturhus med midlar til tiltak og stillingsressursar. Årdal kommune stiller seg svært positiv til felles internettportal for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde og vil gjerne vere ein bidragsytar til lokal informasjon til portalen. Tenesteområde kultur samarbeider med fylkesarkivet i Sogn og Fjordane om eit inte mettnettprosjekt for den eldre historia. Dette prosjektet kan og bør knytast til Fylkesmannen sitt arbeid med informasjonstiltak og kan sjåast i samanheng med andre delar av fjellet i Årdal og bruk av fjellet totalt sett.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene ser at det vil vere mogleg å samordne informasjon for Jotunheimen nasjonalpark og det evt. nye verneområde i Breheimen – Mørkridsdalen, både i Norsk Fjellmuseum, og med eit informasjonshus lokalisert til Fjordstova i Skjolden. Det er teke inn i planen, og vil bli følgt opp i det vidare arbeidet.. Utladalen Naturhus bør følgjast opp som i høve til samarbeidsavtalen dei har med Norsk Fjellmuseum i høve til å fungere som nasjonalparksenter, og ein sentral formidlingskanal om verneområda og kulturformidlar.*

### **7.2 Kulturminne og kulturlandskap**

Årdal kommune stiller seg svært positive til at :

- Kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneformålet

- Det er eit formulert mål i forvaltningsplanen å sikra og/eller halde vedlike mange av kulturminna og kulturlandskapet innanfor verneområda
- Det er planar om å registrere og kartfeste kulturminne på vestsida i verneområda
- Det er formulert at forvaltningsstyresmaktene i tillegg til handheving av verneforskrifta har eit ansvar i høve til rådgjeving og kanalisering av økonomiske midlar
- Forvaltningsmyndigheitene stadfestar at det mest særprega og varierte kulturlandskapet og dei fleste kulturminna finst i sjølve Utladalen med nokre av sidedalane
- Forvaltningsmyndigheitene formulerer at arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturlandskapet i Utladalen også bør sjåast i samanheng med utviklinga av ein berekraftig turisme i området

Årdal kommune ynskjer å vere ein drøftings- og samarbeidspartnar i arbeidet med registrering og tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturlandskap. Det ligg mellom anna føre materiale om arkeologiske registreringar og utgravingar i Tyinområdet i 1962 og 1998-1999, og ei rekke dyregraver og andre kulturminne er registrert omkring nedbørsfeltet til Utlavassdraget i samband med vern av Utlavassdraget under prosjektet "10 års vernede vassdrag".

Årdal kommune ynskjer samarbeid mellom reiseliv og kulturminnesatsinga for det planlagte vikinganlegget på Ytre Moa og aktivitet i verneområdet, jfr at begge tema vil vere sentrale element i framtidig reiselivssatsing/oppleving i kommunen. Eit slik samarbeid vil vere i samsvar med formuleringa i forvaltningsplanen om at det i større grad er utanfor enn innanfor verneområda det skal leggjast til rette for og informerast om kulturminne.

Sogn og Fjordane bondelag: (om Informasjon, kulturminne, kulturlandskap og naturverdiar) Slik formidlinga av dette fungerer, har ein ingen endringsforslag til gjeldande informasjon. Men ønskjer utvida informasjon knytt til tavler, plakatar og andre media på noverande og på nye stader. Dette for meir allmenn kunnskap om kulturminne og som eit ledd i produktutvikling knytt til allment friluftsliv og landbruksturisme.

- Det bør her leggast meir vekt på informasjon om landbruket si kulturhistorie, t.d. seterdrift og foredling av landbruksprodukt, berging og hausting av fôr til husdyra, buførings- og driftevegar for husdyr, fedrifter og handel med dyr, område for marknad og varebyte aust-vest, bygningsmasse og reiskapsbruk.
- 7.1.3. internett: Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG Vestlandet) har eigne nettsider og marknadsføringskatalog med informasjon om eigne produkt, bade på norsk, tysk og engelsk. Det må her kunne skapast grunnlag for link om nasjonalparken og kulturhistoria gjennom alt. NBG Vestlandet sine nettsider og marknadsføringskatalog.
- Kulturlandskapsomgrepet må utvidast til også å gjelde det historiske kulturlandskapet og ikkje berre det som kan visualiserast gjennom oppleving i dag. Landskapet og historia ligg der, men det må tilrettelegging og visualisering til.
- Landbruket er den tradisjonelle næringa i kulturlandskapet, og det kan no skapast ny næringsutvikling på dette grunnlaget gjennom landbruksturisme.
- Vi meiner at forvaltning av kulturminne også kan utførast lokalt m.a. av landbrukstilknytt miljø som: bønder, organisasjonar, gjerne gjennom eit formalisert samarbeid med skuleverket. Her må omgrepet kulturminne også knytast til bruk av verneområdet i bade eldre tid og nyare tid til ulike landbruksformål, der dette alt. kan dreie seg om: buføringsvegar både for dyr og menneske, slåttemråde, stølshus og høyløer, bergingsmåtar for vinterfôr til husdyra, stell, foredling og konservering av mat, beiteområde og marknadsplassar for husdyr og husdyromsetnad, jakt og fiske for matauk og omsetnad og kulturelle aktivitetar knytt til dette. Mykje av dette er ikkje fysiske kulturminne og må formidlast alt. gjennom bilde, infoplakatar, anna media, guiding, forteljing og folketradisjon innan song og musikk. Vi meiner her at



kulturminne har eit stort potensiale som produkt i bestemte segment knytt til landbruksturismen og for spesielle grupper innan friluftslivet.

#### Oppland fylkeskommune

Ein meiner utfordringane knytt til kulturminne er meir omfattande og komplekse enn det som blir omtala i planen (kap 4.2/4.3). Ein bør leggje seg på eit like detaljert nivå som forvaltningsplanen for Rondane og viser til innspela Fylkeskommunen har gjeve der.

#### Oppland bonde og småbrukarlag

Ein støttar dei formuleringane i planen som går på at beiting, setring og slått er viktig for verneformålet i Utladalen/Jotunheimen. Det er eit avgjerande punkt at det blir gjeve støtteordningar til lokale brukarar slik at dei aktivt kan skjømte kulturlandskapa i verneområdet. Ein meiner vernemyndighetene gje tilskott utover dei ordinære jordbruksforhandlingane. Transport av beitedyr bør eksempelvis støttast økonomisk av vernemyndighetene.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene registrerer den svært store interessa for kulturminna, kulturhistoria og kulturlandskapet som svært positivt. Det er viktig med eit samarbeid med og mellom kommunane, fylkeskommunane og lokale ressurspersonar om arbeidet med å ta vare på dette. Dette skal gå fram tydelegare i planen. Det bør lagast ein kulturminneplan for Jotunheimen. For Utladalen bør skjøtselsplanen reviderast og utvidast til å gjelde også dei øvre delane.*

### **7.3. Å ta vare på naturverdiane**

#### DNT Landsorganisasjonen:

På bakgrunn av VISA-rapporten sin rangering av villreinområda i landet bør friluftsliv vege tyngre i Jotunheimen enn i område med dei mest bevaringsverdige stammene som Rondane og Dovrefjell. Vedr. rovfugl vil særleg lokalisering av skiløyper vere ein viktig faktor for hekkesuksess. Lokalisering av sommarløyper vil vere mindre viktig.

Årdal kommune er positive til framlegget om registrering og kartlegging av villreinen sine trekkvegar og bruk av verneområda, og at villreinnemnda vert involvert i avgjerder som gjeld verneområda. I Årdal gjeld dette i hovudsak Vest-Jotunheimen villreinområde.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene vil ta inn noko om villreinen i Jotunheimen slik det framgår i VISA-rapporten. Det er naturleg å ta villreinnemndene/villreinutvala med på råd når det gjeld spørsmål av betydning for villreinen.*

### **7.4. Reparasjon av inngrep**

#### Ope møte i Luster 20.12.2008:

Gravdalsvegen: Ein ser det som uaktuelt å fjerne vegen, men vurdere skjøtsel/tynt jordlag/vekstlag kombinert med reparasjon og la naturen gå sin gang. Særleg behov kilometrane nærast Leirvassbu. Synspunkt på at vegen ikkje må lagast så smal at det ikkje vert behov for utviding seinare når Hydro må bruke vegen. Ein må ikkje risikere nye gravearbeid seinare og ein må også fange opp grunneigarane sine interesser.

#### Luster kommune:

Det bør ikkje setjast i verk kostbare terrenginngrep for å redusere vegbreidda til Gravdalsvegen. Som alternativ vert det oppmoda om å tilføre eit tunt lag med organiske næringsstoff for at gras og mose raskare skal føre til at vegen går i eitt med vegetasjonen ikring.

#### Glitterheim turisthytte:

*Glitterheimvegen:* Dersom ein skal køyre på jord for å gjere vegen mindre synleg krev dette større grøfter og behov for å heve vegen nokre stader slik at vannerosjon ikkje tar jordlag og tilsåing med. Dette betyr større inngrep.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene ønskjer ikkje nye inngrep i samband med reparasjon av inngrep. I praksis vil det oftast vere best med tilførsel av eit tynt jordlag, t.d. 2-3 cm for at den naturlege vegetasjonen skal få noko å vokse i.*

## **Kap. 8. Brukarinteresser – retningsliner og tiltak**

### **8.1 Landbruk**

#### Sogn og Fjordane bondelag:

Omfanget av tradisjonelt landbruk med husdyrhald sterkt avgrensa i dette området i dag, og det verkar som om det er teke omsyn til beitedyra og at det er eks. mogleg å få til motorisert transport av dyr på beite om dette naudsynt. Når det gjeld forbodet mot bygging av traktorveg, klopper og bruer i samband med dette fram til beiteområda i Utladalen, og elles generelt i verneområda, må haldninga i framtida vere meir fleksibel og ha som utgangspunkt framtidig trong for transport for ei utvida og framtidig næringsutvikling i landbruket. Vi har elles ikkje merknad til reglar for tilrettelegging av ferdsle ved merking av ferdselsårar og turløyper sommar og vinter.

- Det er viktig at retningslinene kan opne for veg til verneområda i samband med vedlikehald av stølshus, eventuelt nybygg og utnytting av dette for landbruksturisme og som grunnlag for utvikling av tradisjonelt landbruk. Meiner styresmaktene noko med landbruksturisme må det gjevast rom for

tilrettelegging av fysiske anlegg til formålet.

- Den grøne skulen, lokale bondelag og skogeigarlag må også kunne delta i høveleg prosjektarbeid og forskning i verneområda.

Årdal kommune: Det vert i dag utført eit svært viktig vedlikehald og skjøtselsarbeid i verneområdet i regi av Stiftinga Utladalen Naturhus, basert på rapporten "Skjøtsel i heimre Utladalen – samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen". Vi oppmodar om at forvaltningsmyndigheitene og landbruksmyndigheitene arbeider for at det på ny kan verte drift på eksisterande gardsbruk i og omkring verneområda. Aktiv landbruksdrift i samsvar med verneforskriftene vil vere den beste metoden for å oppretthalde kulturlandskapskvalitetane. Årdal kommune oppmodar om at det vert etablert nye og særskilte tilskotsordningar til oppstart og drift av tradisjonell landbruksdrift på gardar og stølar som vedkjem verneområda, jfr til dømes vedtekne stimuleringsiltak for landbruk i verdsarvområdet. Landbruksdrift i Fardalen og Utladalen vart i si tid redusert som ein konsekvens av ureining frå aluminiumsverket i Øvre Årdal. Utsleppsreduksjonar gjennom investeringar mellom anna i reinseteknologi dei siste tiåra, samt nedstenging av Søderberganlegget i 2007 tilseier at ureiningsnivået ikkje lenger er til hinder for for/beitegrasproduksjon og tilfredsstillande graskvalitet. Hydro Aluminium vil følgje opp med måling av fluorinnhald i beitegras på område der det tidlegare var gardsdrift for å dokumentere dette vidare. Årdal kommune ber uavhengig av driftsmåtar om at det vert etablert eige

tilskotsordning/sett av egne midlar over budsjettet til forvaltningsmyndigheitene til vedlikehald/skjøtsel av kulturlandskapet i verneområda.

Forvaltningsplanen bør ha formuleringar om og forvaltningsmyndigheitene bør vere open for nye måtar å utnytte utmarksressursane i verneområda og tilliggjande område på.

#### Lom kommune

For å halde opp beitebruken i særskilde område innafor verneområde er det viktig at det blir stilt økonomiske virkemiddel for å dekkje opp kostnadene ved tilsyn og transport av beitedyr.

#### Lom Bonde og Småbrukarlag

Forvaltningsplanen inneheld mange positive mål i forhold til vedlikehald av kulturlandskap og tradisjonell landbruksdrift. Det blir ein utfordring å få beitinga i Storådalen, Memurudalen og Veodalen til å halde fram. Det er høge kostnader med lang transport og det er eit tidkrevjande tilsyn. Dette gjør at den tradisjonelle beitebruken har gått tilbake i desse områda. Det vert tilrådd at det blir tildelt midlar frå vernemyndigheitene f. eks til frakt til beiteområda.

#### Lom fjellstyre

Det må på budsjettet for skjøtsel i nasjonalparken vert stilt midlar til rådvelde til auka beiting i verneområda. Omfanget av slike midlar vil til einkvar tid avhenge av storleiken på forvaltningsmidlar i statsbudsjettet. Med dei avgrensa ressursane som har vore tilgjengeleg til no vil områda med skjøtelsplanar bli prioritert dvs Gjendebu og Utladalen.

#### Ope møte i Lom

Ein ber forvaltninga skaffe midlar over MD sitt budsjett til skjøtsel av kulturlandskap særleg innafor verneområda. Det vil vere riktig at også miljøvernforvaltninga går direkte inn med støtte til for eksempel gardbrukarar som i dag er villige til å ha beitedyr i område er utsett for gjengroing, som t.d. Gjendebuområdet/Storådalen.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Skjøtsel i verneområda bør baserast på skjøtelsplanar. Då kan det vere aktuelt å framskaffe forvaltningsmidlar til kulturlandskapstiltak som beiting og slått. For å halde kulturlandskap i hevd vil det vere viktig med beiting. Dette er bakgrunnen for at Regionalt Miljøprogram i Sogn og Fjordane (RMP) stimulerer til beiting i alle verneområde der beiting ikkje er konflikt med verneformålet. Tilskotet utgjer kr. 50 pr. sau og kr.100 per storfe på beite i slike verneområde, t.d. Jotunheimen NP og Utladalen LVO.*

## **8.2. Turisthytter og andre hytter, buer og naust**

### DNT Landsorganisasjonen:

Det er ønskjeleg med eit samanhengjande nett av betjente turisthytter i Jotunheimen da desse er meir tilgjengelege for alle brukergupper og slik sett verkar meir rekrutterande til friluftslivet. Standarden på DNTs turisthytter har vært stabil dei siste 50 år, og energibruken er lav samanlikna med hotellstandard. Ein meiner derfor at påstandane i planen om ”for høg standard” manglar forankring i verkelegheita Det bør gis opning for mikrokraftverk for å gjøre turisthyttene enda meir miljøvennlege.

DNT støttar forslaget om ein ny turisthytte ved Russvatnet. Denne ruta er svært lang ut frå dagens vandremønster og aktuell plassering er i randsona av nasjonalparken. Det visast til at til at det i andre områder er opna for å dele opp ruter med nye turisthytter for å oppretthalde vandringsaktiviteten. Ein støttar ein ombygging av Olavsbu for å betre lagringskapasiteten.

### DNT Oslo og omegn:

Til pkt. 8.2 i planen meiner DNT at "høg standard" bør definerast nærmare. Ei berekraftig utvikling av tilbodet på turisthyttene medfører ikkje nødvendigvis auka energiforbruk/transportbehov. Ein ønskjer at det blir teke inn ein setning om at mikrokraftverk kan vere aktuelt for Glitterheim. Dette vil redusere transportbehovet for bedrifta.

DNT uttaler eit ønskje om å dele opp ruta mellom Glitterheim og Gjendesheim med ei ny sjølvbetjent turisthytte. Denne ruta er lang og ein hevdar at folk i større grad nyttar bil mellom disse to hyttene i dag.

#### Vormelis Venner v/ Per Gran:

Drifta av Vormeli er avhengig av vedhogst i området, noko som bør gjerast på austsida av Utle, dvs. med bruk av løypestreng her (retablert under restaureringa, for her var det storvakse skogen nytta under stølstida. Det er 30 år sia selet i Vormeli vart avslutta, og det er no behov for større vedlikehaldsarbeid: knust vindaug, torvtakk leggast om (lekkasje), treverk må behandlast, steinveggen mot nord er i ferd med å rase ut, arbeid som medfører behov for helikoptertransport av materialar og utstyr.

#### Ope møte i Luster 20.12.2008:

*Hytta på Galdhøpiggen* bør kunne fungere som sikringsbu.

#### Luster kommune:

Det må vurderast å setje krav om opne naudbu ved dispensering frå verneføresegnene i byggje saker i verneområda. Forvaltninga bør også vurdere å gi økonomisk kompensasjon til eigar av turisthytte dersom det vert gjort tiltak på eksisterande bygningsmasse som sikrar trengjande skjul mot ver og vind i naudsituasjonar utanom turistsesongen.

#### Tilsynsutvalet i Vågå

Tilsynsutvalet går imot bygging av ny turisthytte i Russdalsområdet.

#### Glitterheim turisthytte

Mikrokraftverk: En ønskjer at Glitterheim skal nemnas blant dei hyttene der dette kan være aktuelt.

#### Memurubu turisthytte

Ein bør skilje på dei private turisthyttene som vart drive på tradisjonelt vis og dei som drives ut frå idealistiske formål (DNT-hytter). Vernet har ramma desse bedriftene hardare. Dei eksisterande private turisthyttene må gis moglegheit for å utvikle seg i takt med tidmessige og marknadsmessige endringar. Det er stor trafikk forbi Memurubu, det er derfor nødvendig med andre tilretteleggingstiltak her enn på andre hytter enn lågare besøkstal.

Ein støttar at det ikkje blir gjeve løyve til ny hytte på ruta mellom Glitterheim og Bessheim.

Ein meiner planen bør vere meir offensiv i høve til å beskrive fornybare energikjelder som vasskraft som alternativ til dei støyande og forureinande dieselaggregata som er ved turistbedriftene i dag.

Det visast til formuleringa om at "hotell-liknande standard". Det er ikkje opptil forvaltningsmynda å vurdere kva som er teneleg standard for ei privat turistbedrift. Dei avgrensingar forvaltningsmynda legg på turistbedrifta vil bli betrakta som ekspropiasjonsliknande tiltak.

Til formuleringa ”eindel av byggjetiltaka har fått ein uheldig utforming”. Byggetiltak som er gjort er gjennomført i høve til godkjende planar, formuleringa bør derfor gå ut. Det visast og til arbeide med opprydning som er sett igang.

#### Bessheim turisme

Ny hytte mellom Glitterheim og Gjendesheim. Ein kan ikkje sjå nokon grunn for at det ikkje kan byggjast ny hytte her. Eksisterande turisthytter må kunne bli gjeve moglegheiter for tilbygg/nybygg for oppgradering av anlegga i tråd med utviklinga.

#### Ope møte i Vågå 28. november

Foreslått sjølvbetjent hytte ved Russvatnet. Sjølv om forvaltningsplanen ikkje ser dette som aktuelt nå, har kommunen fått signal i retning av at DNT framleis arbeider for dette.

#### Syver, Martin og Håvard Holm

Ein viser til skjøtselsplanen for Gjendebu vedr. ulempene ved bruk av dieselaggregat. Det bør utformast ei føresegn om at anleggseigarar har plikt til å utrede høve for mikrokraftverk/eller bruke nye dieselmotorkraftverk som er meir energieffektive enn dagens. Dette er eit krav det private næringsliv møter og bør og gjelde for bedrifter i nasjonalparkane.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene ser det som naudsynt å presisere i forvaltningsplanen kva som ligg i ”å auke standarden”. Generelt meiner fylkesmennene at det å gå bort frå felleløysingar som felles toalett-, dusj-, tørke- og opphaldsrom er relevant og uønska standardheving i denne samanhengen. Ei hytte ved Russvatnet bør i tilfelle leggast utanfor nasjonalparken, gjerne i tilknytning til eksisterande bygningar her. Mikrokraftverk kan vere ei god løysing nokre stader, men ved Glitterheim vil eit slikt inngrep kome i stor konflikt med naturverdiane her m.a. fordi inngrepet vil vere svært godt synleg å skje i nærleiken av mykje brukte turstiar i området. Mikrokraftverk må difor vurderast konkret for kvar hytte. Hogst i Vormeli må fastleggjast gjennom synfaring i området. Fylkesmennene meiner vedlikehald av hytta bør få tilskot. Det trengst ein gjennomgang av retningslinjer for sikringsbuer i nasjonalparken. Tilhøva på Memurubu blir handsama som eiga sak, men det er viktig at det no blir rydda opp ut frå prinsippet om likehandsaming, og skal ikkje ut frå spesielle omstende setje standard for drifta av turisthytter i Jotunheimen. Uheldige formuleringar er endra. Vi presiserer at tilhøve som forvaltninga ser på som problem og må gå klart fram av forvaltningsplanen.*

### **8.3. Friluftsliv**

#### Ope møte i Luster 20.12.2008:

Behov for teljingar av fotturistar for å vite omfanget, m.a. til Fanaråken. Signal lokalt om at det vart registrert over 7000 personar i 2007.

Årdal kommune: Forvaltningsplanen synleggjer at turrutene til og frå Årdal er mykje nytta. Turrutene til Avdalen /Vetti står for 15 % (registrering 1992 dagsturar/fleirdagsturar), medan 19 % opplyste at Utladalen var mål for dagsturar i 2002. Frå Vettisvegen vart bygd har ferdsla i Utladalen auka frå 3000 til over 30 000 personar. Turstiar/vegar i Utladalen er viktig for folkehelsa og nærfriluftstilbodet i Årdal.

Det er positivt at forvaltningsplanen vurderer å setje i verk utbetringstiltak i slitasjeutsette område, til dømes frå Skogadalsbøen til Vetti, og at det er fokusert på at stien til utsiktspunkt for Vettisfossen er viktig for reiselivet og må merkast. Det vert i Utladalen utført mykje arbeid med stinettet på dognad. Dette er positivt, men ein kan ikkje basere seg på dognad som ein føresetnad for framtidig tiltaksarbeid med stinettet. Årdal kommune ber om at det vert vurdert auka fokus frå

forvaltningsmyndighetene på følgjande turstiar/vegar med tilknytning til verneområda i vår kommune:

- Sletterust - Mannsberg - Hjelledalen og Vettismorki. (frå Sletterust går det vidare ei merka løype til Kyrkjestølen som skal vere den eldste merka stien til Den Norske Turistforening.)
- Tindevegen (skisenteret) - Åsete - Gravdalen - Avdalen
- Hjelle - Ytre Moa - Øvre Årdal sentrum - Årdalsvatnet (etablering av naustmiljø/kai/transportmoglegheiter på vatnet). Det bør vurderast tiltak for å forsterke den bilfrie og berekraftige gangvegtilknytninga mellom hovudinnfallsporten Hjelle og tettstaden Øvre Årdal for mjuke trafikantar.
- At det vert etablert ei ny merka turrute frå Jotunheimen til fjorden (Indre Ofredal/Seimsdal). Dette vil gi ei spanande kopling/samband mellom fjell/verneområde og fjordlandskap.
- At det oppstarta "Stiprosjektet" som har arbeidd med tilrettelegging ved Gjendesheim får moglegheit til å prioritere tiltak med stiar og ferdsselsvegar også innanfor vår kommunegrense
- At det vert vurdert auka tilrettelegging for carwalks inn mot verneområda frå vegnettet rundt Årdal

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Teljing av fotturistar vil bli trappa opp framover. Fylkesmennene vil følgje opp med registrering og evt. tiltak for reparasjon av stiar innafor i tilgrensande område. I Årdal kommune gjeld dette stien til ved Sletterust, til Gravdalen, og generelt gjeld det "carwalks" (korte fotturar frå bilveg til nasjonalparkgrensa).*

#### **8.4. Innfallsportar/tilgjenge til område**

##### Årdal kommune

Ber om at det vert gjennomført ei evaluering av eksisterande situasjon og utviklingsmoglegheiter hovudinnfallsport i Årdal på Hjelle, og prioriteringsplan for evt. nye tiltak. Ein støttar framlegget om informasjonstavle i tettstaden Øvre Årdal.

Årdal kommune registrerer positivt og støttar framlegget om at det i eit avgrensa omfang kan vere aktuelt å setje opp noko informasjon i Utladalen landskapsvernområde i samband med kulturlandskapet i Utladalen.

Årdal kommune ber vidare om at det vert arbeidd aktivt med ein skiltinformasjon/ utviklingsplan som synleggjer nasjonalpark/landskapsvernområda på følgjande vegstrekningar i/til/frå Årdal:

- E16/Rv53 Lærdal/Fodnes -Årdalstangen- Øvre Årdal - Utladalen
- E16/Rv53 Tyinkrysset - Tyedalen - Øvre Årdal
- Tindevegen Turtagrø - Øvre Årdal

• Det samla trafikksambandet mellom tettstaden Øvre Årdal og Hjelle.

Også utsiktspunktet 1000meteren på Rv53 Tyin Årdal skal tilretteleggjast som utsiktspunkt

##### Ope møte i Årdal 28.11.2008

Årdal-Tyin (m.a. Tyinkrysset) + Fodnes. I tillegg fokus på *skilting* ved avkøyring frå hovudvegane og i sentrumsområda i Øvre Årdal og på Årdalstangen. Koplinga mellom Nasjonalparkriket i Oppland, Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og vestdelen av Jotunheimen nasjonalpark er interessant, t.d. for Nasjonalparkfestivalen.

- Tindevegen. Viktig med P-plass, informasjon, carwalk

##### Tilsynsutvalet i Lom

Utvalet meiner at oppføring av toalettanlegg og driftsavtaler for desse, både i Veodalen og på Galdhøpiggen, og ny parkeringsplass ved Juvasshytta må inn som tiltak i forvaltningsplanen det hastar å få realisert.

Glitterheim turisthytte

Ein støtter oppføring av do ved p-plassen i Veodalen. Rutiner for tømning/reinhald kan bestemmes av Glitterheim, Lom fjellstyre/Statens naturoppsyn.

Lom kommune

Ein tilrår at forvaltningsstyresmakta/Statens naturoppsyn prioriterar oppsetting av toalett ved bommen i Veodalen. Det er ikkje tilfredstillande tilhøve her dei siste åra med stadig aukande trafikk. Toalett på Galdhøpiggen bør og vurderast.

Bessheim turisme

Toalett/søppelhandteringstilhøva i Veodalen må betrast.

Jotunheimen reiseliv

Viktig at innfallsportane er av god kvalitet. Konkret peikast det på behovet på toalett v/p-plassen i Veodalen og større offentleg parkeringsplass ved Juvasshytta.

Lom fjellstyre

Det må etablerast toalettanlegg/driftsavtalar for desse i både Veodalen og på Galdhøpiggen.

Ope møte i Vågå 28. november

Ein saknar meir samordna koordinering av informasjon i forhold til nasjonalparken og turistvegprosjeket.

Ope møte i Lom

Sanitærtilhøva ved nasjonalparkgrensa i Veodalen er lite tilfredsstillande. Nærområda ved parkeringsplassen er sterkt prega av dette og dette er et svært dårlig signal til de besøkande i nasjonalparken. Et toalett med klare ansvarsforhold for drift er naudsynt. Forsøpling- og sanitærtilhøva på Galdhøpiggen er heller ikkje tilfredsstillande.

Ope møte i Vang, november

Det blir ikkje forstått lokalt at ein ikkje skal bruke ein allereie etablert parkeringsplass innerst i Koldedalen ved Hydros hytte. Om forvaltninga hadde opna for bruk av denne hadde truleg grunneigarane vore meir villige til å avstå grunn for parkeringslommer ved bommen (v/grensa til landskapsvernområdet).

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene tek inn i forvaltningsplanen fleire av Årdal kommune sine framlegg til innfallsportar, m.a. Sletterust, sti til Gravdalen og parkering langs Tindevegen som ved Soleietindane.. Toalett ved sentrale innfallsportar vil vere aktuelt, Veodalen og Galdhøpiggen som to av dei mest aktuelle og som det må prioriterast å arbeide vidare med, sjå og kap. 8.14 om ureining.*

**8.5. Tilrettelegging for ferdsel – merking av fotruter**DNT Landsorganisasjonen:

DNT meiner at planen på nokre punkt problematiserar friluftslivet for mykje i høve til verneformålet. DNT si merking av fotturruter i fjellet er svært kanalisierende på ferdsle og bidreg til å skåne store areal for ferdsel. T-merkinga etter merkeinstruksjonen gir ein tryggleik for brukarane og bør framleis vere merkinga i Jotunheimen. Ein meiner at planen tidvis har for sterkt fokus på at tilretteleggingstiltak inneber inngrep og at ”slitasje” ikkje nødvendigvis kan brukast på eit område der det går en stig: Ein tilrår at visse avsnitt omskrivast. Klimaendringane vil gjere

det naudsynt med meir robuste løysingar på bruer/klopper mv. DNT støtter forslaga til nymerking av stiar som går fram av planen. Øvst på s. 67 blir det presentert fleire unøyaktigheiter, m.o. at merka stiar kan være utan T. Ut frå definisjonane kan ein sti være umerka, varda eller merka (varde + merke). DNT støtter forslaga om merking av de 5 stiane nemnt under retningsliner på s. 69. Det må vidare vere rom for søkje om andre relevante tilretteleggingstiltak.

#### Vormelis Venner v/ Per Gran:

s. 67-69: Brua over Utna vart etablert på gamle strenger samt fester i 1976, ukjend alder på desse. Brua ever Maradøla er laga i trykkimpregnerte materialar, også montert i 1976. Båe bruene har skilt med åtvaring om at bruk skjer på eiga ansvar.

Ser ikkje at det er behov for innstegsvarde på toppen av Kyrkjestegen, fordi nedgangen gjev seg sjølv. Derimot er ruta nest i Kyrkjestegen i deet seinare opparbeidd med ein uheldig trasè, slik at det bør lagast ei lita pil som leier folk på rett lei over ei kolle, staden for heilt ned til elva.

#### DNT Oslo og omegn:

Sikkerhetsaspektet må vektleggjast m.o.t til kor tett det kan merkast. Merkeinstruksen er under revisjon og det er diskusjonar om høve til å merke på fast fjell i område der fonner og brear har trekt seg tilbake og vardar er utsette for ras. Det bør presiserast at Merkeinstruksen er retningsgjevande for merking i verneområda.

#### Ragnar Bell (fjellfører)

Kap. 8, punkt 5, side 69: Her står: Rapellfeste eller ikkje på Storen vil truleg lage oppheita diskusjonar i mange år framover. Storen er ein av dei svært få stadene i fjellet det bør vere eit fast rappellfeste. Med den trafikken som er og vil vere på Storen er det eit tidsspørsmål før den neste rappellulukka kjem. Ein svært viktig årsak til rappellulukker er rappellfestet. Dette kan enkelt avhjelpast ved å sette opp 2 borreboltar (limboltar) med ringar. Det gjer bruk av slynger unødvendig og ingen vil bruke gamle slynger. Inngrepet er minimalt og det vil bli mindre slitasje enn slynger og tau gir på stein. Ein slepp også forsøplinga med slynger på einså trafikkert stad.

#### Luster kommune

s. 67 setninga ”Det er ikkje aktuelt å leggje ned merkte stiar i verneområda” må fjernast.

s. 69: Forvaltninga må syte for at felles rappellfeste på Storen vert vidareført og vedlikehalde.

#### Noregs fjellstyresamband

NFS meiner at en ikkje bør merke en sti langs Bessvatnet med bakgrunn i lokal motstand, bl.a. av omsyn til beiteinteressene.

#### Tilsynsutvalet i Vågå

Tilsynsutvalet viser til tidlegare innspel om planlagt T-merking av stigen på nordsida av Bessvatnet. Av omsyn til beiteinteresser er utvalet negativ til dette forslaget. Utvalet stiller spørsmål om kor nødvendig det er med ei T-merking her.

#### Bessheim turisme

Ein støtter merking av stigen langs Bessvatnet som alternativ til den vanlege tilkomsten og foreslår og merking til/mot toppen av Besshø. Ruta over Knutshø skulle vore merka pga omsynet til tryggleik.

#### Ope møte i Vågå 28. november

Ein ser problem med å ha høgare ferdsel langs ein merkt sti langs Bessvatnet p.g.a. laushundar og bufe på beite i området. Det er i dag lett å finne fram i området utan merking.



### Besstrondfjellet beitelag

Besstrondfjellet beitelag har sitt viktigaste for beiteområde for ca 600 sau ved Besstrondfjellet og områda øst for Bessvatnet. Ein T-merking av stien vil føre med seg auka ferdsel. Ein ser konflikthar mellom folk som ferdist i fjellet med lite kunnskap om beitedyr og spesielt i høve til laushundar. Ein meiner sauen vil kunne trekke langs ein meir oppgått sti til Memurudalen noko som ikkje er ønskjeleg. Ein tilrår at stien langs med Bessvatnet ikkje blir merka.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene er samd med DNT i at merking er kanalisierende og med det kan vere både viktig og positivt med merking. Også samd i at ein kan snakke om umerkte, varda eller merkte (varde + merke) stiar. Dette vil bli teke med i planen. Når det er rom for å merke nye stiar, inneber det også at tilhøva kan endre seg slik at å fjerne merking kan bli aktuelt, sjølv om dette ikkje er tilfelle pr. i dag. Formuleringane om å fjerne merking vil ikkje bli endra i planen. Ved merking skal Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT) skal følgjast. Fylkesmennene ser at det er stor motstand lokalt mot merking av stien langs Bessvatnet, og vil i denne omgangen tilrå at stien blir varda slik at ein sikrar at turistane held seg til ein trasè. Da blir den ikkje synlig på rutenettet til DNT, men er med på kartet som umerkt sti. T-merking kan evt. bli vurdert seinare. Bruene over Uvla ved Vormeli vart vurdert i 2006?? av SNO som trygge, men må overvakast. Fylkesmennene vil førebels ikkje ta initiativ til at rappellfestet under Storen blir etablert som eit fast inngrep.*

## **8.6 Tilrettelegging for funksjonshemma**

### Nybu sameie

Positivt med informasjonstavle på Torfinnsbu, men saknar fleire konkrete tiltak for å få funksjonshemma til å bruke området.

### Ope møte i Vang, november

Tilkomst til verneområdet for handikappa er eit viktig omsyn – Gjendebåten er tilpassa handikappa. Ein meiner grupper av handikappa bør vere fri til å sjølv å setje opp ekstraturar til Gjendebu utan å søkje.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene ønskjer å halde på det som går fram i forvaltningsplanen.*

## **8.7. Kvisting av skiløyper**

DNT Landsorganisasjonen støttar forvaltningsplanen

## **8.8. Sommerskiløping (langrennstrening)**

DNT Landsorganisasjonen støttar forvaltningsplanen

## **8.9. Organisert ferdsel**

### DNT Landsorganisasjonen:

Ein meiner ferdsel bør styrast etter friluftsløva og ikkje etter forskrifter avleia av naturvernlova og verneforskrift slik høyringsdokumenta legg opp til fordi dette vil medføre ulike reglar i kvar nasjonalpark. Lengre løyver til å drive organisert verksemd (10 år) støttast. Ønskjer at turar langs T-merkte stiar ikkje treng løyve.

Referanse til friluftsløva om at det berre er lov å telte i 3 dagar (2 netter) i fjellet er ikkje riktig og må bort, då denne føresegna ikkje gjeld i fjellet eller i aude naturområde.

### Nortind – Norske Tindevegledere, medlem av IVBV

Norske tindevegledere er opptekne av å ivareta dei profesjonelle Tindevegledere sine interesser både nasjonalt og internasjonalt. Ved ei mogleg regulering (avsnitt 8.9) av ferdsla er vi samd i at skade på naturmiljøet er eit grunnlag for å avgrense eller stengje eit område for ferdsel. Skulle det bli aktuelt med reguleringar av ferdselsomfang, er ein samd i at det enkle og miljøvenlege friluftslivet skal ha forrang. Ein er tent med ein best mogleg rapportering og ønskjer å skjerpe kravet til denne. Vi foreslår at alle verksemdar som organiserer ulike turar i nasjonalparken, på meir enn 5 dagsverk per år, blir pålagt å rapportere inn kva slags og i kva for omfang deira verksemd har hatt.

Viss det skulle komme opp avgrensingar knytt til kven som får organisere aktivitetar i Nasjonalparken, er dette forbundet sitt syn:

- Tindevegledarar må arbeide fritt, med berre avgrensingar av gruppestorleik
- Det må ikkje regulast slik at ein favoriserer hotell eller lokale firma, ein tilrår likebehandling
- ein er for ei eventuell regulering der kravet til kompetanse vert sett høgast mogleg, med utgangspunkt i IVBV – plattformen.

Dersom forvaltninga ønskjer dette, kan Tindevegledere samarbeide med naturoppsyn og tilsynsutval om rapporteringsrutinar knytt til uønska eller problematisk bruk av nasjonalparken. Ein meiner at den pedagogiske og opplevingsmessige dimensjonen må bli styrka i tilsynsutvala. Vi foreslår derfor at det i krava til medlemmane av desse utvala sterkare må prioritere plass til representantar frå dei som arbeider med læring og opplevingar i nasjonalparken. Når kommunestyra vel ut medlemmane her bør dei derfor også velje ein representant frå folkehøgskole -, universitets – eller høgskolemiljø, eller ein representant frå tindevegledermiljøet.

### Norsk Fjellsportforum

Er positive til at skiljet mellom frivillig og kommersiell kurs- og føringsverksemd er endra, og i staden kallast begge deler for organisert ferdsel. Krav til naturvenleg og sikker ferdsel må vera dei same både for dei frivillige og dei kommersielle aktørane i nasjonalparken. NF tolkar høyringsframlegget slik at omsynet til tryggleik skal vera eit av dei momenta som skal vektleggast når den organiserte ferdsla på bre og klatrefjell krev særskilt løyve, og at NF sine standardar skal vera retningsgjevande og er glad for dette. NF skil mellom 2 typar ferdsel v/ frivillige organisasjonar:

- 1) Kurs- og føringsverksemd kor deltakarar utan kompetanse til å ivareta eigen tryggleik er med. (Dette vert den same kategorien som dei kommersielle aktørane hamnar i, men det spelar inga rolle om arrangementet er kommersielt eller frivillig, mot betaling eller gratis. I dette tilfellet må det stillast krav til instruktørkompetanse for å ivareta deltakaranes tryggleik.)
- 2) Turar og samlingar utan instruktør/førar kor ferdsla er basert på eit ansvarsfellesskap og kvar enkelt deltakarar har ansvar for eigen tryggleik. (Her er det ikkje naudsynt å stille krav om instruktørkompetanse, berre krav om naturvenleg ferdsel).

På s. 75 står det: ”På turar som krev bruk av klatreutstyr er maks. gruppestorleik 15 personar (pga stor sårbarheit på vegetasjon) før det må søkjast om løyve”. Er sårbarheit på vegetasjon et stort problem ved klatring? Slik vi ser det er kanskje omsynet til fuglelivet og ferdselsrestriksjonar i visse utsette hekkeperiodar viktigare. Kan heller ikkje sjå at omsynet til tryggleik er ivaretatt med denne formuleringa. Sjølv om det er ei lita eller stor gruppe som skal på klatrekurs/klatreføring må det stillast dei same tryggleikskrava til arrangøren og førarane.

NF vil be om at det vert teke med kompetansekrav til organisasjonar og instruktørar som driv med brekurs, klatrekurs, bre- og fjellføring. Dette kan heimlast i Produktkontrollova som regulerer alle forbrukartenester, og som krev at tilbydar av tenestene har plikt til å skaffe seg relevant opplæring og å opptre aktsamt. Etter NF si mening er det sentralt at ’førarar og instruktørar er kvalifiserte til å leie føringa/kurset med omsyn til tryggleik, informasjon og naturvenleg framferd’. Dette kan oppnåast ved å krevje at arrangøren er godkjent i NF, noko som

igjen fører til at arrangøren må nytte godkjende førarar og instruktørar. Vi gjer oppmerksom på at NF er eit ope samarbeidsforum der alle kan vere med. Det er dermed ikkje snakk om å tildele noko monopol på føring, det er berre snakk om å krevje kompetanse. Med ei overgangsordning på 3 år vil ein ikkje ha noko problem med å innfri krava. Det er heller ikkje særleg kostbart for ein førar å ta dei nødvendige kursa. Det er viktig å få inn eit slikt krav om kompetanse av fleire grunnar. Ein ting er at NFgodkjende førarar og kursleiarar har grundig opplæring i tryggleik og naturvenleg ferdsel. Ein anna ting er at ein unngår at det kjem til useriøse aktørar. Deltakarane på kurs og føring får også tryggleiken og kunnskapene om god ferdsel ved å vere med utdanna og erfarne førarar. Slikt er også særleg viktig å få inn i Jotunheimen sidan dette er det høgfjellsområdet med mest fjellføring. I område som rundt Store Skagastølstind er det også svært viktig at førarane har høg kompetanse på både tryggleik og naturvenleg ferdsel. Den kompetanse som finst hos NFs arrangørmedlemar og NFs instruktørar bør vere tilstrekkelig og nødvendig kompetanse for å ivareta naturvenleg og sikker ferdsel på bre- og klatrefjell i Jotunheimen Nasjonalpark. I tillegg kjem sjølvsagt Nortind si internasjonale utdanning som vi ikkje har noko formelt med, men ein Nortind-utdanna førar får automatisk den høgaste godkjenninga i NF og er dermed omfatta av desse krava. Stille krav til instruktørkompetanse, men berre krav om naturvenleg ferdsel.)

#### Ragnar Bell (fjellfører):

Kap. 9, punkt 8, side 74 - 75.

De foreslåtte grensene i forhold til kva for aktivitetar som treng løyve og rapportering verkar uklare. Det er også store skilnader på kor sårbart område er innanfor nasjonalparken, og det er store skilnader på intensiteten av aktivitetar i forskjellige område. Sommarsesongen vil slitasjen på naturen i størst grad vere avhengig av kor mange som er på tur, kva for forhold dei har til sporlaus ferdsel og kva for område dei er i. Det er i mindre grad avhengig av om det blir brukt sikringsutstyr eller ikkje, sett bort frå at enkelte klatreruter har stor trafikk. Tryggleiksmessig aukar farene ved ferdsel utanfor sti og i bratt terreng, og har lite med tall deltakarar å gjere. For å kunne ivareta kontroll av både bruk og slitasje i nasjonalparken, i tillegg til tryggleik, bør ein gå tilbake til tidlegare ordning, med at all kommersiell aktivitet i nasjonalparken treng løyve. Alternativt all kommersiell aktivitet som føregår utanfor oppmerkt sti. Kravet bør også gjelde såkalla ideelle organisasjonar som DNT, Speiderforbundet ol. Krav for å få løyve til føring, kurs eller annen aktivitet som treng sikringsutstyr (innbefattet bre), er at alle leiarar har godkjenning frå Norsk Fjellsportforum eller Nortind. Eg kan ikkje sjå nokon annan måte der tryggleiken vil bli ivareteke på ein fornuftig måte.

Det ovanstående skal vere i tråd med det vi diskuterte på siste styremøte i Norsk Fjellsportforum.

#### Ope møte i Lom

Ein stiller spørsmål om det juridiske grunnlaget for å hevde at grupper over 50 personar er skadeleg for naturgrunnlaget. Ein peikar på problem i høve til kontroll/ og handheving av eit slikt søknadspliktig tiltak.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene ønskjer i hovudsak å halde på formuleringane i framlegget. Hovudmålet er å balansere løyve og rapportar på den einesida, mot behovet for å sikre seg mot skade på naturmiljøet og få kunnskap om omfanget av ferdsel på den andre. Å bruke tal dagsverk som eit mål på når ein treng å rapportere er aktuelt, men bør i tilfelle setjast noko høgare som t.d. 10 dv. Slike krav i forvaltningsplanen blir sett med tilvising til verneforskriftene, men bør setjast slik at dei ikkje medfører unødvendige vanskar med kontroll. Fylkesmennene har ikkje høve til å setje krav etter naturvernlova om kompetanse for å kunne drive føring, det må gjerast etter lov om produktkontroll.*

## 8.10. Arrangement og konkurransar

Årdal kommune: Nasjonalparkfestivalen i Utladalen og Årdal m/Vettisløpet er nemnt som årlege arrangement. I Årdal vert det årleg arrangert ein Nasjonalparkfestival (oppstart 2001) som gir positivt og breitt folkeleg fokus på verneområda og verneområda si historie (Slingsbyvandring). Årdal kommune ynskjer eit nærare samarbeid med forvaltningsmyndigheitene for å løfte og finansiere arrangementet. Fylkesmannen har svært positivt gitt signal om å ta opp med SNO ei årleg støtte på opp mot 15 000 kr og at ein er interessert i eit fagsamarbeid med Tilsynsutvalet, SNO og Fylkesmannen om fagtema knytt til nasjonalparkfestivalen. Årdal kommune oppfattar at dette er eit signal om at ein ynskjer denne type arrangement velkomen som aktivitet i tilknytninga til verneområda.

I Årdal har det dei siste åra vore satsa på større årlege arrangement med brei forankring i lokalsamfunnet. Arrangementa har nasjonalt, regionalt eller lokalt nedslagsfelt. Døme på slike arrangement er Nasjonalparkfestivalen, Slingsbyvandring, Vettisløpet, Fjøsblues i Avdalen, "Fra fjord til fjell", "Heirsnosi Opp - tur til tusen", Målrock, idrettsarrangement og organiserte turar i regi av Årdal Turlag osv. Årdal kommune ynskjer eit konstruktivt samarbeid med nasjonalparkforvaltninga som kan sikre at slike arrangement, om det er aktuelt, kan ha ei tilknytning til verneområda og gjennomførast og vidareutviklast til gjensidig nytte.

### Bessheim turisme

Viktig at det ikkje blir avgrensingar på jaktprøvar, treningssamlingar og arrangement da desse er viktige for inntektsgrunnlaget for reiselivsbedriftene.

### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Det er mange arrangement med positive effektar for friluftslivet. Viktig at dei ikkje medfører slitasje og uroing av dyreliv (td villrein). Eit arrangement kan og kome i konflikt med andre friluftslivsutføvarar i området. Jaktprøvar, treningssamlingar og arrangement kan ha stor verknad og bør difor vere søknadspliktig. Nye arrangement vil bli vurdert etter kvart, men det vil vere heilt særskilte vilkår for arrangement i ein nasjonalpark.*

## 8.11 Sykling og bruk av hest

### NOTS – Norsk organisasjon for terrengsykling

Organisasjonen finn det virkningsløst og utrettferdig at ein går inn for eit totalforbod mot sykling så lenge det ikkje er dokumentert at det til no har vore noko problem. Ein viser til undersøkingar som i hovudsak dokumenterer at syklistar ikkje representerar noko meir slitasje enn turgåarar. Ein meiner konfliktane med turgåarar er større langs vegar enn på sti. Ein foreslår to forslagsalternativ:

- det er tillate å sykle langs alle DNT-merka stiar med forbod utafør sti.
- sykling tillatast langs eit utval av stigar, desse er opplista i uttalen frå NOTS (13 stk).

### Bessheim turisme

Det bør ikkje innførast forbod mot bruk av hest og sykling. Omfanget av desse aktivitetane vil ikkje bli stort uansett.

### Jotunheimen reiseliv

Det er lite bruk av hest i Jotunheimen i dag. Det viktig at ein ikkje låser moglegheitene for at dette kan vere ein måte å oppleve fjellnaturen på. Sykling har aukande popularitet. Viktig at ikkje forvaltningsplanen blir eit hinder for å skape eit sykkelprodukt i nasjonalparken.

Ope møte i Luster 20.12.2008:

Kritiske røyster til det *generelle forbodet mot organisert bruk av hest*, t.d. på stiar der dette i tidlegare tider var innarbeidd praksis. Døme med organisert kløvjing av hest inn til Skogadalsbøen. Bør ikkje gløyme det som var vore historisk bruk. Forventar at FM finn gode løysingar dersom det er aktuelt.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Jotunheimen er eit høgintensivt friluftsområde for vandreturar og skiturar. Forvaltningsplanen skal regulere sykling og organisert bruk av hest, fordi dette kan kome i konflikt med naturmiljøet i form av slitasje på stiar og vegetasjon. Fylkesmennene held på framlegget i forvaltningsplanen. Det vil uansett vere mogleg å søke om dispensasjon frå forbodet dersom dette skulle vere aktuelt. Det er da mogleg for forvaltningsstyresmakta å ha betre styring med slike aktivitetar.*

**8.12. Nye uteaktivitetar**DNT Landsorganisasjonen:

DNT meiner det er viktig med et opent og fordomsfritt syn på nye friluftstypar. Det er heilt sentralt at ikkje-motoriserte uteaktivitetar får utvikle seg i norsk natur, og såleis er med på å bidra til ei fornying av vårt friluftsliv innanfor dei rammene som vernereglane sett.

Norsk ornitologisk foreining avd. Oppland

Når det gjeld nye aktivitetar som paragliding, fallskjermhopping, rafting mm. Må dette underleggast streng kontroll av omsyn til fjellfaunaen i området.

Noregs fjellstyresamband

NFS meiner fjellstyra har ei viktig rolle i å arbeidet med å dokumentere utviklinga av ulike aktivitetar i verneområdet.

Jotunheimen reiseliv

Viktig at ein kan prøve ut ulike aktivitetar som t.d. kiting sjølv innafør verneområda.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Jotunheimen er eit høgintensivt friluftsområde for vandreturar og skiturar. Sjølv om fylkesmennene er positive til nye friluftslivsaktivitetar, utifrå at dei er ikkje motoriserte, kan det vere konfliktar fordi nye aktivitetar kan medføre skade på naturmiljøet som vegetasjonslitasje og uroing av dyreliv. Det kan også oppstå konflikt med det tradisjonelle friluftslivet. Grunnen til dette er at mange nye aktivitetar har høg fart, og dei krev mykje areal eller luftrom. Døme er at aktivitetar i lufta kan uroe fugleliv, og at syklistar har mykje høgare fart enn dei som går. Sjølv om dette ikkje er store konfliktar i dag, er det viktig å gripe fatt i dette før det er blitt eit problem. Fylkesmennene held på framlegget i forvaltningsplanen.*

**8.13 Fauna, jakt og fiske**Noregs fjellstyresamband

NFS presiserer at også fjellova regulerer jakt og fiske i tillegg til viltlova og lakse- og innlandsfiskeleva

Vang fjellstyre/Tilsynsutvalet i Vang

Ein støttar at det blir lov å setje ut fisk i nasjonalparken.

Naturvernforbundet i Lom og Skjåk

Forvaltningsplanen bør gje meir konkrete føringar på korleis ein skal forvalte dyrelivet og viltressursane. Ein peikar spesielt på bestandane av fjellrype som er det viktigaste næringsgrunnlaget for jaktfalk som hekkar i nasjonalparken. Bestandssituasjonen for jaktfalk er i 2007 kritisk for Oppland. Ein viser til eit forventa auka jaktpress både lokalt og frå andre EØS land. Ein meiner forvaltningsplanen bør legge til rette for ein kvotebasert forvaltning av småviltet, basert på bestandsregistreringar, og ein bør kunne ha referanseområde der det ikkje blir jakta.

Norsk ornitologisk foreining avd. Oppland

Jotunheimen nasjonalpark er av stor betydning for fleire rovvfuglartar som er med i ”raudlista” m.a. jaktfalk og kongeørn. Ein støtter restriksjonstilrådingane i kap. 8.13

Fylkesmennene sine kommentarar

*Ein vil ikkje ta inn formuleringar som går inn på regulering av høve som kommer inn under viltlova. Vi vil likevel sjå på om ein kan gi ein breiare omtale av t.d. jaktfalk og betydninga av fjellrype som næring i planen.*

**8.14 Avfall, ureining og støy**Jotunheimen reiseliv

Det er viktig med god avfallshandtering/søppelcontainerar ved innfallsportane.

Tilsynsutvalet i Lom

Utvalet meiner at oppføring av toalettanlegg og driftsavtaler for desse, både i Veodalen og på Galdhøpiggen, og ny parkeringsplass ved Juvasshytta må inn som tiltak i forvaltningsplanen det hastar å få realisert.

Glitterheim turisthytte

Ein støtter oppføring av do ved p-plassen i Veodalen. Rutinar for tøming/reinhold kan bestemmes av Glitterheim, Lom fjellstyre/Statens naturoppsyn.

Lom kommune

Ein tilrår at forvaltningsstyresmakta/Statens naturoppsyn prioriterar oppsetting av toalett ved bommen i Veodalen. Det er ikkje tilfredstillande tilhøve her dei siste åra med stadig aukande trafikk. Toalett på Galdhøpiggen bør og vurderast.

Bessheim turisme

Toalett/søppelhandteringstilhøva i Veodalen må betrast.

Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene held på framlegget.*

**8.15 Motorferdsel****8.15.1 Generelt**

Ope møte i Luster 20.12.2008:

Innspel på at rutinar for søknader om motorferdsel til tider er tungvint.

*Fylkesmennene sine kommentarar:*

*Fylkesmennene vil gi fleirårige løyve dersom det er faste oppdrag om er uproblematiske. Av omsyn til andre er det viktig å unngå motorferdsel helg og midt på dagen.*

### **8.15.2 Turisthytter**

DNT Oslo og omegn:

I tredje avsnittet er vintertransporten til Glitterheim omtalt. DNT Oslo og Omegn hevdar at det var ein føresetnad den gang nasjonalparkgrensene vart trekte at transport på vegen om sommaren og transport på vinteren skulle kunne vidareførast. Dette har hatt lange tradisjonar på Glitterheim. DNT ønskjer derfor at siste setninga: ”Denne typen transportar er på grensa av grunnleggjande prinsipp for nasjonalparkvern og vil derfor ikkje bli utvida”, blir fjerna. Ein viser elles til kommentarar sendt inn frå styrarane på Glitterheim.

Konkretisering av skilnaden mellom DNT og DNT Oslo og Omegn må fram i planen. Avslutningsvis informerast om at DNT Oslo og Omegn jobbar aktivt med ei miljøfyrtårnsertifisering av all verksemd. Dette legg sterke føringar og stiller strenge krav til eigen verksemd med tanke på framtidig utvikling av verksemda, transport, energi og avfallshandtering.

DNT Landsorganisasjonen:

DNT er open for å diskutere, og finne fram til gode transportløysningar der samkjøring kan bidra til at totalomfanget av motorferdsel avgrensast. Det er vidare viktig å finne fram til gode driftsmessige løysingar som sikrar ein forsvarlig drift av turisthyttene. DNT viser til DNT Oslo og Omegn sin utgreiing for motorferdsel og transport, og støtta vidareføring av dagens praksis ved dei betjente hyttene.

Vidare er det uklårt om pkt. 8.15.5 - dispensasjonspraksis er kopla til § 4 eller § 3, pkt. 6.3, som skildrar kva forvaltningsstyresmaktene kan gi løyve til. Det er viktig at mange av desse ”kan gje løyve til”-punkta ikkje blir sett på som dispensasjonar, men i realiteten er ønskjelege tiltak som det av ulike grunner er viktig at forvaltningsmyndigheitene er med på å vurdere omfanget av. Dette er prinsipielt viktig ut frå kva for vurderingsgrunnlag og haldning forvaltningsstyresmaktene har til desse punkta når dei skal utøve sitt forvaltningssskjønn.

Tilsynsutvalet i Lom

- at det i forvaltningsplanen må vera retningsliner som gjev høve til ein avgrensa transport av faste gjester og bagasje til turisthyttene i nasjonalparken. Det bør vidare vera rom for at denne transporten kan utvidast i påskesesongen.

Glitterheim turisthytte

Gjeldande løyve for transport av gjester er 2 turar om vinteren med faste gjester + ein tur med bestilte grupper/faste gjester. Det står bare 2 turar i forvaltningsplanen. Denne siste turen er nødvendig for å få gjennomført skoleopphald. I tillegg er det en større tendens til at folk reiser inn til Glitterheim for å bruke dette som base, f.eks. barnefamiljar, det blir gått mindre frå hytte til hytte.

Memurubu turisthytte

Memurubu har behov for auka persontransport som grunn bl.a. for å kunne halde ope i påska. Det visast til praksis ved Fondsbu med viesel. Ein har behov for fleire turar får å transportere inn faste gjester i vintersesongen.

Det er ikkje ønskje om å drive persontransport over Gjende men Memurubu ønskjer å kunne ha ein eigna båt for å transportere eit avgrensa tal på persona (handverkarar og personale) samt i beredskap i høve ein krisesituasjon.

#### Lom kommune

Ein viser til at Gjendebåten har fått utvikle si verksemd for persontransport, men at turistbedriftene ikkje har fått utvikle si transport av gjester. To turar pr uke har stått fast sia vernetidspunktet. Det har i det seinare vore ei utvikling mot fleire faste gjester på turisthyttene. Spesielt Memurubu turisthytte har behov auka persontransport. Kommunen vil derfor gå inn for eit auka tal på turar knytt til påsken for turistbedriftene i forvaltningsplanens brukssone. Det må bli gjeve heimel for slik transport i verneforskrifta.

#### Vågå kommune

Memurubu turisthytte må få høve til å transportere gjester vinterstid når det likevel skjer ein del transport av varer, utstyr og personale.

#### Vang fjellstyre/tilsynsutvalet i Vang

Ein tilrår at lågtflyging kan gjennomførast einskilde dagar i året.

#### Syver, Martin og Håvard Holm

Hytteeigarane fikk etter klagebehandling i DN berre lov til å nytte Gjendebus persontransport av faste gjester dersom det er kapasitet. Gjendebu har berre løyve til persontransport 2 gonger i uka og har ikkje nytta dette løyve dei seinaste åra. Dette med fører at berre dei eldste og yngste på Fjellro ikkje kan nytte hytta vinterhalvåret. Ein føler og at det er urimelig forskjellshandsaming då faste gjester på Gjendebu kan bli køyrt inn medan hytteeigarar ikkje har ein slik rett. Ein foreslår derfor at løyvet til for "Fjellro" vert utvida til å gjelde tre gonger pr. år med Gjendebu sine persontransportar. Dette vil ikkje auke motorferdsla på Gjende og vil heller ikkje ha presedens då det er få private hytter i nasjonalparken. Ein fremjar og behovet for å leige Gjendebu sin skuter for vedtransport.

#### Lom fjellstyre

Ein meiner det bør vere høve til å gje løyve til ein avgrensa transport av faste gjester og bagasje til turisthyttene i parken. Det bør vidare vere rom for at denne transporten kan utvidast i påska.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Det er eit forbod mot motorisert ferdsla i nasjonalparken. Straks etter vernetidspunktet vart det av forvaltningsstyresmakta (Statskog) gjeve dispensasjon for Gjendebu, Memurubu og Glitterheim til transportar av faste gjester 2 gonger i veka (+ 1 til for Glitterheim for skuleklassar). Dette vart gjeve med bakgrunn i den tradisjon desse bedriftene hadde for persontransport og at dette var eit viktig økonomisk grunnlag for bedriftene. Persontransport av gjester er heller ikkje i tråd med Lov om motorferdsle i utmark. Fylkesmennene ønskjer ikkje å liberalisere dette ytterlegare i eit verneområde med sterke friluftsiinteresser. Vi meiner auka motorisert persontransport over m.a. over Gjende om vinteren er konfliktfylt i høve til andre turgåarar i området og ønskjer ikkje å liberalisere ytterlegare. Ein vil likevel sjå på ei ordning kvart enkelt år om ein utvida transport etter søknad.*

*Vi meiner eigarane av privateigd hytte på Gjendebu bør kunne få sitje på med Gjendebus transportar så langt det er plass. Det vil ikkje vere høve til å setje opp eigne transportar for*



*”Fjellro”. Dispensasjonen som er gjeve turistbedriftane er knytt til utøving av næring. Dette vil vere ein vesentleg og prinsippiell skilnad frå private hytteeigarar. Den mogleheit som er gjeve gjennom klagehandsaminga av denne saka i DN bør vere ei tilstrekkeleg moglegheit for Fjellro til å kome seg inn og ut frå hytta.*

### **8.15.3 Motorbåtar på Gjende**

#### Gjendebåtane

Et forbod mot ”sightseeingturar” på Gjende vil ha store konsekvensar for Gjendebåtane. Dette har vært praktisert i mange år både som rundturar for pensjonistar og ulike feiringar, og som transport til og frå korte opphald på turisthyttene for matsservering (ikkje Gjendebu dei siste åra). Dette vil ha økonomiske konsekvensar for Gjendebåten si drift.

Positivt med 10 hk men har lite forståing for fartsavgrensinga på 8 knop. Ein er bekymra for nedgangen i fiskaktiviteten i Gjende – å tillate ei høgare fart vil betre rekrutteringa av yngre fiskarar i Gjende. Om regelen skulle bli vedteke bør han berre gjelde frå osen og inn til 1 km på Gjende.

#### Lom kommune

Ein går inn for at det blir opna noko for meir opplevingsbasert båttrafikk på Gjende i regi av Gjendebåten og samarbeid. Det vere seg båtturar med guide, kulturinnslag, servering etc. Dette kan kombinerast med ilandstiging på Memurubu og Gjendebu med spesialtilbod her.

#### Bessheim turisme

Ein støttar at Gjendebåten kan nyttast til sightseeing/opplevingsturar. Ein ser ikkje forskjell på dette og transport av folk som skal gå Besseggen. Ein vidareutvikling av tilbodet på Gjendebåten er viktig for Gjendebåten sin økonomi og for næringsutvikling generelt.

#### Tilsynsutvalet i Vågå

Med bakgrunn i erfaring over ei ”prøveperiode” på to år, støttar tilsynsutvalet forslaget om auke båtmotorstyrke på Gjende frå 6 hk til 10 hk. Dette av omsyn til sikkerheit. Det bør visast omsyn rundt bryggjer ved Gjende når det gjeld farten.

#### Vang fjellstyre/Tilsynsutvalet i Vang

Ein meiner motorstorleiken på Gjende kan setjast til 15 hk og setje krav om støyavgrensing. Dette er begrunna ut frå sikkerheit.

#### Jotunheimen reiseliv

Det er viktig at Gjendebåten får halde fram med eksisterande tilbod både når det gjeld rutebåttrafikk og sightseeing. Dersom det blir eit forbod mot sightseeing slik forvaltningsplanen foreslår vil dette ha store konsekvensar for Gjendebåten og reiselivsverksemdene omkring.

#### Vågå kommune

Det må kunne opnast for forsøk med cruiseliknande tilbod mellom Gjendesheim og Memurubu. Her er det likevel opna for at Gjendebåten kan ta ekstraturar for å få unna den trafikken mellom Memurubu. Nokre turar med guiding/kulturinnslag og matsservering vil i liten grad røre ved omfanget eller prinsippa for motorferdsle i området.

### Ope møte i Vågå 28. nov

Gjendeosen er ein høgt profilert innfallsport med stor trafikk. Det er ønskeleg å sjå litt breiare på bruken av Gjendebåten utover rein rutebåtverksemd gjennom ei utviding av opplevingstilbodet. Det nemnes å kunne tilby meir opplevingsbaserte turar med båtane, der ein kombinerar kulturinnslag, guiding og matservering om bord. I forhold til den totale rutebåttransporten er talet på turar blitt redusert gjennom meir effektiv transport med ”Gjendine”. Dette bør vektleggast i forhold til ønsket om meir opplevingsbaserte båtturar som et supplement til rutebåttransport. Gjendebåten ønskjer framleis å tilby ekstraturar til Memurubu for grupper som ønskjer inn dit for kortare besøk/matservering etc. Det vert arbeidd no med å auke passasjertalet frå 80 til 97 på ”Gjendine”.

Fartsavgrensinga på Gjende vil være vanskeleg å handheve og ein ser heller ikkje poenget med det så lenge bruk av motorbåt er knytt til bruksrett som fiske. Det er viktig å utnytte fiskeressursen i Gjende – i dag er det vanskelig å rekruttere yngre fiskarar i området, dette blir enno vanskelegare dersom man ikkje kan ha noko høgare fart for båtar Gjende. Ikkje alle i møtet var samd i at dette var avgjerande for omfanget av fiske i Gjende.

### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Sightseeingsturar med Gjendebåtane representerer noko heilt nytt, og er heilt klart i strid med verneformålet for nasjonalparken. Det er noko nytt enn Gjendebåtane sitt opphavlege formål, som var å frakte folk på tur inn eller ut av fjellheimen, som og var tilfelle då nasjonalparken vart oppretta i 1980. Det er i dag rutebåt som det er heimel for å tillate etter noverande forskrift og i det nye forslaget til verneforskrift.*

*Gjendebåten opplyser at dei allereie har drive praksis med rundturar på Gjende og turar for bespisning/besøk på Memurubu. I utgangpunktet er vi kritisk til ei slik utvikling, men i lys av dei nye signala om auka reiselivsmessig utnytting av verneområda må vert dette teke opp i forvaltningsplanen. Det er uheldig at det har det har etablert seg ein praksis utan at forvaltninga eller oppsynet har vore kjend med det.*

*Det ligg føre ei nasjonal målsetting om meir reiselivsmessig utnytting av verneområda. Eit viktig delmål i ei slik satsing har vært at omfanget av motorferdsel i nasjonalparkene ikkje skal auke. Prinsipielt er det er uheldig med båttrafikk i ein nasjonalpark med ”sightseeingpreg” som ikkje har til føremål å transportere folk inn i området som skal på fjelltur. Ein må likevel sjå på den direkte belastinga dette har på naturmiljøet og verneføremålet og setje dette opp mot kva for positive sider ”rundturverksemd” på Gjende vil ha for det lokale næringslivet. Med bakgrunn i dei nasjonale måla om auka reiselivsmessig bruk av nasjonalparkane vil Fylkesmennene foreslå at rundturar/lunsjturar blir tillate i brukssona mellom Gjendesheim og Memurubu.*

*Det skal ikkje vere rom for drosjeturar, men er opning for ekstrabåt så lenge det står fotturistar att når båten legg full frå kai.*

*Vi meiner det er positivt at den nye båten får auka kapasitet.*

*Når det gjeld farten på Gjende for småbåtar ser Fylkesmennene det som viktig at verneforskrifta gjev eit signal om låg fart, sjølv om det vanskeleg kan handhevast og bli ført kontroll med. Vi meiner det er viktig at det ikkje blir opna for planande båtar på Gjende i nasjonalparken.*

## **8.16 Reiseliv**

Oppland fylkeskommune: Ut i frå den politiske fokus reiselivsmessig utnytting av nasjonalparkane har hatt dei siste åra vert planen likevel oppfatta som defensiv. Ein saknar særleg ein tiltaksdel med framdrifts- og finansieringsplan.

Årdal kommune oppmodar om at det vert fokusert på ei overordna kopling mellom Nasjonalparkriket i Oppland, Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, Jotunheimen nasjonalpark/Utladalen landskapsvernområde og Statens vegvesen sitt prosjekt Nasjonale Turistvegar, Euromontana (vicepresident Tor Bremer) osv. Dette vil sette regional natur, kulturlandskap og reiseliv inn i ein større nasjonal og internasjonal heilskap, og kan skape grunnlag for nye samarbeidsarenaer, kunnskapsutveksling, felles informasjon/marknadsføring osv.

*Kunst i natur og kulturlandskap/estetikk i samfunnplanlegging:* Kunst i kulturlandskapsprosjekt "Utl" vart gjennomført i Utladalen landskapsvernområde med stor suksess men som eit tidsavgrensa tiltak. Tiltaket er etterspurt av brukarar som ei permanent ordning . Årdal kommune ber om at det vert opning for kunstnariske innslag i verneområdet kan etablerast som permanente og mellombelse tiltak i samarbeid med forvaltningsmyndigheitene. Grensesettinga for tekniske inngrep bør sjåast i ein heilskap, der kunst og estetikk er ein del av vurderingsgrunnlaget.

#### Sogn og Fjordane bondelag:

Her må det gjevast grunnlag og aktivitetsrom i verneområdet for landbruksturisme basert på bygningsmasse i området, ferdsel og informasjon om reiselivsprodukt, naturmiljø, historisk landskap og ferdselsvegar knytt til fedrift og arena landbruksaktivitet. (Sogn og Fjordane bondelag)

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene vil vurdere om det kan kome meir offensive og positive formuleringar i forvaltningsplanen for naturbasert reiseliv og reiselivstiltak som er i samsvar med vernereglane.*

*Visse delar av kunstprosjektet "Utl" som var knytt til Vettisvegen hadde ei form som gjer at dei kan vidareførast permanent, først og fremst tekstane på bruene.*

### **8.17. Forsking og undervisning**

Ingen fråsegner

### **8.18. Andre tiltak**

#### Ope møte i Luster 20.12.2008:

Mobilnettet i Jotunheimen: Pga sikkerheit bør det vurderast å gjere nettet betre – med enkle tiltak. Forståing for at det ikkje kan vere mastar "alle stader".

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Det er ikkje eit mål at det skal vere dekning overalt. Mange menneske er dessutan plaga av elektromagnetisk stråling..... Vil bli vurdert, og bør unngå inngrep, satellitt mest aktuelt.*

## **Kap. 9 Forvaltning og oppsyn**

#### Sogn og Fjordane bondelag:

Vi har ikkje endringsforslag til gjennomføring av oppsyn i verneområdet. Men vi meiner at med auka fokus på forvaltning, må det i større grad kunne vurderast å nytte bønder og lokalbefolkning til dette med utgangspunkt i kva desse kan ha av kompetanse om landbruksnæring, historie og landskap. Bøndene sine organisasjonar og bondelaget sin Grøne skule kan også bidra til dette gjennom samarbeidsprosjekt.

- Prinsippet her går på fordeling av oppgåver med forvaltning, og la bønder og

grunneigarar og andre i lokalsamfunnet to delta i dette.

#### Ope møte i Årdal 28.11.2007

Det er behov for *meir midlar til personell og tiltak* (forvaltningsmidlar). M.a. vart det vist til at det bør kome andre midlar i tillegg til SMIL-midlar i Utladalen, dvs. over forvaltningsbudsjettet. Semje om at det beste ville vore å få opp att jordbruksdrift i Utladalen. Ein person/stilling i Utladalen Naturhus er viktig.

Det bør kome *auke i forvaltningsmidlar*. Følgjande tiltak i verneområda vart teke opp:

- ein person/stilling i Utladalen Naturhus er viktig
- skjøtsel i Utladalen må halde fram. Ikkje berre Stilk-midlar, må kome meir over forvaltningsbudsjett
- Nasjonalparkfestivalen bør få tilskot

#### Ope mote i Luster 20.12.2008:

Synspunkt på at det må bli *meir midlar* frå sentrale styresmakter. FM viste til det framlegget som vart lagt fram av ei interdepartemental arbeidsgruppe i 2006 (der NEY deltok). Det vart eit lite løft i statsbudsjettet for 2008, men likevel ikkje så mykje som arbeidsgruppa kom med framlegg om. Framlegget frå arbeidsgruppa skal følgjast opp med ei tilbakemelding til Stortinget i ei eller anna form.

#### Oppland fylkeskommune

Ein peikar på hovudårsaka til dette er manglande ressursar til forvaltning av verneområda. Det vert vist til ei undersøking som viser at Jotunheimen har langt lågare forvaltnings- og oppsynsressurs enn gjennomsnittet i Europa. Vi ligg nærmare u-land enn gjennomsnittet i i-land i ressursar brukt på forvaltning. Med slike avgrensa ressursar må forvaltninga ha fokus på sakshandsaming og kontrolloppgåver, og mindre på informasjon, tilrettelegging og næringsutvikling. Dette er tydeleg i forvaltningsplanen, det vert særleg sakna ein tiltaksdel med framdrifts- og finanseringsplan. Midlar til tiltak må gå direkte til forvaltningsstyresmakta og ikkje via Statens naturoppsyn som i dag. Ein meiner ein må gå tilbake til lokalt plasserte nasjonalparkforvaltningar slik ein hadde i Jotunheimen i 1991-98. Dette vil gjere den ansvarlige representant synleg i lokalmiljøet, noko som er i tråd med tilrådingane i handlingsplanen for bærekraftig bruk av verneområde.

#### Norges fjellstyresamband

NFS beskriver innleiingsvis bruksrettar i statsallmenningar og ulike forhold som vert styrt av Fjellova og kva for rolle fjellstyra har i dette. Fjellstyra har ved vern etter naturvernlova framleis forvaltningsstyresmakt etter fjellova dvs. vedr. jakt og fiske og landbrukstilknnyta rettar i statsallmenning. Ein meiner forvaltningsplanen i liten grad omtaler fjellstyra som forvaltningsorgan på statsallmenningar og at tiltak også skal ha løyve etter fjellova.

Når det gjelder oppsyn har fjellstyra eit sjølvstendig ansvar for å drive oppsyn i statsallmenningar, jfr. fjellova § 36. NFS vektlegg at dette oppsynet gjennom lang tid har bygd opp kompetanse om områda med tilrettelegging for ålmenta sin bruk av områda, sikre at lover og reglar blir følgt og sikre at grunneigarinteressene blir ivareteke. Ein meiner at Statens naturoppsyn i første rekkje skal koordinere kjøp av teneste frå det etablerte fjelloppsynet i fjellstyra og at omfanget av tenestekjøpet må auke framfor å bli redusert som tilfellet er i dag. Ein meiner forvaltningplanen fokuserer for lite på fjelloppsynets/Fjellstyret sin kunnskap om områda og ønskjer at fjelloppsynet skal på lik linje med SNO være med i rapporteringslinja i forhold til ulike tiltak

NFS meiner forvaltninga av verneområda bør ha ei lokal forankring. Ein meiner det bør opprettast lokale forvaltarstillingar som er knytt til forvaltningsstyresmakta i tråd med den nyleg foreslåtte handlingsplanen for berekraftig bruk av verneområde. Dette gjev mindre avstand mellom forvaltningsstyresmakt og brukarar lokalt. Ein foreslår og å gje tilsynsutvala avgjerdsmynde i visse saksfelt.

NFS meiner ressursane til forvaltning, skjøtsel og oppsyn må bli auka vesentleg. Kjøp av tenester frå Lom og Vågå fjellstyre er vesentleg redusert dei siste 10 åra. Fjellstyra må vere med i ein strategi for framtidig tilrettelegging i verneområda. Fjellstyra må markerast tydelegare i planen som ein medspelar for forvaltningsstyresmakta og Statens naturoppsyn.

#### Tilsynsutvalet i Lom

Utvalet meiner:

- ordninga med lokale tilsynsutval/årlege fellesmøte har fungert godt, men dei lokale tilsynsutvala bør få avgjerdsmynde i ein del saker
- at ressursane til oppsyn og informasjonsarbeid i nasjonalparken må aukast vesentleg gjennom eit utvida tenestekjøp lokalt
- at midlane til skjøtsel vert auka vesentleg og forvalta av forvaltningsmyndigheitene framfor oppsynsmyndigheitene
- at skjøtselstiltak bør utførast med lokal arbeidskraft

#### Tilsynsutvalet i Vågå

For å følgje opp innhaldet i forvaltningsplan må ressursar til m.a. oppsyn, skjøtsel og informasjon bli auka. Det må skje ved at omfanget av tenestekjøp frå fjellstyra blir auka.

#### Sogn og Fjordane bondelag

Det er viktig at grunneigarsida og landbruket sine organisasjonar, lokalsamfunn og skuleverk er med og utføre skjøtels og forvaltningstiltak. Dette vil opne for samarbeid lokalt om forvaltning og nytte ut lokal fagkompetanse og ressursar. Og det vil skape eit betre samarbeidsklima mellom styremakt og lokalsamfunn som grunnlag for vernesaka. Høyringsfråsegna gjeld tilsvarande for Utladalen Ivo. Dersom det er aktuelt å sette inn forvaltningstiltak for å forbetre det biologiske grunnlaget, eller ved forvaltning av vilt og fisk, vil bønder, grunneigarar og deira organisasjonar, grunneigarlag, bondelag og skogeigarlag, vere naturlege samarbeidspartar og vil kunne ta på seg oppgåver med slik forvaltning.

#### Ope møte i Lom

Fylkesmennene bruker rundt 5 månadsverk til forvaltning av Jotunheimen NP og Utladalen LVO. Ein peikar på at dette er svært lite for å kunne ha ei forsvarlig forvaltning av viktige verneområde med høg bruk.

#### Fylkesmennene sine kommentarar:

*Fylkesmennene meiner det vil vere rett å ta inn noko omtale av fjellstyra sin aktivitet og bidrag i forvaltninga av verneområda i Jotunheimen, både som organisasjon og gjennom arbeidet som blir gjort med informasjon og gjennom avtalane med SNO. Også andre aktørar som villreinnemnder, og DNT bør omtalast i høve til forvaltningsoppgåver.*

*Fylkesmennene meiner at forvaltninga av Jotunheimen NP og Utladalen LVO har uvanleg få og små konfliktar i høve til at dette truleg er det mest bruksintensive verneområdet i Noreg. Vi trur noko av bakgrunnen er det gjennom tilsynsutvala i kvar kommune med fellesamling kvart år er skapt ein uvanleg god møteplass der lokale, regionale og nasjonale interesser kan brynast og få ei felles forståing av korleis områda skal takast vare på for framtida. Dette bør gå klarare fram*

*av forvaltningsplanen, slik at dette er ein modell som bør vidareførast. Ordninga med lokale tilsynsutval og forvaltningsmynde hos fylkesmennene har vore ein god modell – tross knappe ressursar. Også ordninga med nasjonalparkforvaltar fungerte på mange måtar godt. Fylkesmennene held og fram at kontinuitet er viktig i forvaltninga av verneområda i Jotunheimen.*

*Fylkesmennene er samde i at det i dag er alt for knappe midlar til ei fullgod forvaltning av verneområda, og at det trengst meir midlar slik ei oppfølging av framlegget til Handlingsplan for berekraftig bruk av verneområda legg opp til. Dette er noe vi spiller inn til sentrale myndigheiter, men dette er i stor grad styrt politisk. Behovet for en vesentleg auke av forvaltnings-, skjøtsels- og oppsynsressursen er synleggjort i arbeidet med Handlingsplanen for berekraftig bruk av nasjonalparkar og sist i DN notatet "Strategi for tiltak i verneområder".. Etter oppmoding frå referansegruppa vil eit kap. om økonomi m.m. vil bli teke inn i forvaltningsplanen.*